



Masfjorden kommune

Sandnes skule

Verksemdsplan for skuleåret 2019-20

Innhold

1	Bakgrunn	2
1.1	Føremål.....	2
1.2	Situasjonen i dag	2
2	Kva ønskjer vi å få til?	3
3	Skulen sine satsingsområde	5
4	Kommunen sine satsingsområde	5
5	Oppfølging og rapportering.....	5
6	Kommunikasjon, informasjon	6
7	Oversikt over aktivitetar på Sandnes skule som speglar kjerneverksemda vår*	7

1 Bakgrunn

1.1 Føremål

Føremålet med verksemdsplanen er å synleggjere skulen sine mål, og legge grunnlaget for prioritering av tiltak og oppfølging av resultat i eigen verksemd. Planen er primært rektor sitt verktøy for å styre verksemda i høve til prioriterte mål og å sikre måloppnåing. Planen skal og brukast aktivt i dialogen med overorda leiing og egne tilsette.

Sandnes skule er ein 1-10 skule med 63 elevar og 19 tilsette, inklusiv merkantil og leiing. Vi har og SFO med 14 barn. Skulen er plassert sentralt på Sandnes og elevane kjem frå Andvik til Einestrand. I nærleiken har vi fine turområde og nærleik til sjø og kommuneadministrasjonen.

Oppdraget vårt vert i hovudsak definert av Opplæringslova med forskrift og læreplanverket for grunnskulen som og har status som forskrift. Masfjorden kommune har felles ordensreglement for skulane sine. Skulen er ein MOT-skule og har eigen plan for sosial kompetanse og standardar for førebygging og avdekking av mobbing i planen. Skulen har og plan for overgang mellom skule og barnehage.

Satsingsområde for skuleåret 2019/20 er IKT som pedagogisk verktøy.

Skulen samarbeidar med Høgskulen på Vestlandet (HVL) i samband med innføring av den nye læreplanen for grunnskulen som skal vere gjeldande frå hausten 2020.

1.2 Situasjonen i dag

Sandnes skule har eit godt skulemiljø og gode læringsresultat. Brukarundersøkinga fortel om nøgde elevar.

Positive område:

- Gode relasjonar mellom tilsette og elevar
- Lite mobbing og utfordrande åtferd
- Utfordringar løysast på lågaste nivå
- Skulen er med i MOT-arbeidet
- Skulen arbeider tett med PPT og andre tenester
- Elevar har fokus på læring

- Stort uteområde

Utfordrande område:

- Fysisk læringsmiljø. Skulen er gamal og treng vedlikehald.
- Ta oss tid til å halde fokus på det som er bra samstundes som me utviklar oss.
- Fange opp dei som ikkje har det bra.
- Vikartilgang
- Setje av tid nok til samarbeid om elevane sin trivsel og læring.

Ønska situasjon:

Elevane har det bra og trygt på Sandnes skule.

Elevane når sitt potensiale i grunnleggande dugleikar og i faga.

2 Kva ønskjer vi å få til?

Visjon:

Skule og heim, - saman for glade, dyktige og spreke elevar!

Elevsyn:

På Sandnes skule er elevane unike og ulike, likeverdige, i sentrum og interesserte i å lære.

Me arbeider for at:

Elevane blir sett og verdsett. Dei opplever glede og tryggleik i trygge rammer. Dei tek eigne val. Dei er aktive og undrar seg. Dei får utfordringar og opplever meistring. Dei får og tek ansvar. Dei høyrer til i eit fellesskap.

På Sandnes skule er den vaksne:

- fagleg dyktig, engasjert og har god relasjonskompetanse - ein god formidlar og rettleiar - ein tydeleg leiar - reflekterande og i stand til å vurdere og fornye eigen og skulen sin praksis - villig til å tileigne seg og ta i bruk ny kunnskap og varierte arbeidsmåtar for å fremje læring

Lærarar, fagarbeidar / assistent: - ser og investerer tid i den einskilde elev - har felles ansvar for alle elevane. Det er våre elevar. - har høge forventningar til elevane både fagleg og sosialt - har evne til samarbeid og sjølvstende - yter til eit stimulerande, humørfyllt og triveleg miljø - kjenner til og er lojal mot skulen sin visjon, verdiar, vedtak og mål - får høve til å bygge opp sin kompetanse i eit utviklande arbeidsfellesskap - gjer elevane medvitne korleis dei lærer best - gjev foreldre reelt høve til å påverke sine barn sitt læringsarbeid, fagleg og sosialt

Føresette skal:

Foreldre har hovudansvar for oppsedinga av barnet og samarbeider med skulen for at barnet skal få best mogleg utbytte av opplæringa (Opplæringslova § 1-1 og §11-4).

- gjev skulen naudsynt informasjon om barnet og om tilhøve heime som har innverknad på eleven sin skulekvardag
- tek opp ting etter kvart
- tek ansvar for at barnet kjem førebudd og utkvilt til skulen med nok søvn, mat og høvelege klede
- er orienterte om den faglege og sosiale utviklinga til barnet
- er kjend med eleven sin arbeidsplan og støttar eleven med heimearbeidet
- deltek aktivt på utviklingssamtalar og klasseforeldremøter
- er kjend med regelverket som gjeld for skulen og medverkar til at barnet respekterer dette
- omtalar skulen og dei tilsette på ein positiv måte
- omtalar andre elevar og foreldre på ein positiv måte

Elevane skal:

På ein 1-10-skule vil det vere ulike forventningar og krav til elevane. Krav, oppgåver og ansvar aukar med alder og mogning. (jfr Plan for sosial kompetanse og Ordensreglar)

- er aktiv i læringsarbeidet, gjer heimearbeidet og skulearbeidet som er avtala
- er førebudd, møter presis og har med seg naudsynt utstyr
- medverkar til utarbeiding av klassereglar
- rettar seg etter ordensreglar og klassereglar
- rettar seg etter beskjedar frå lærar eller annan vaksen person på skulen
- held orden på arbeidsplassen sin og i fellesområde
- har ansvar for eit positivt læringsmiljø som er fritt for plaging, erting og mobbing
- er imøtekomande ovafor medelevar og vaksne

3 Skulen sine satsingsområde

- ✓ Satsingsområde for skuleåret 19/20 er IKT som pedagogisk verktøy.
- ✓ Implementering av ny læreplan 2020 – samarbeid med Høgskulen på Vestlandet

4 Kommunen sine satsingsområde

?

5 Oppfølging og rapportering

Skulen måler sine resultat gjennom:

- Elevundersøkinga
- Nasjonale prøvar

- Andre kartleggingsprøver
 - Eksamens- og standpunktkarakterar
 - Internt utviklingsarbeid og erfaringsdeling av dette
- Skulen har eigen plan/oversikt over skulebasert vurdering

6 Kommunikasjon, informasjon

Tilsette vert involverte gjennom

- Medarbeidarsamtalar → skulen har eigen plan for HMS-arbeidet.
- fast tid for OU-arbeid → 30 % av fellestida går til digitale tema, 30 % av fellestida går til samarbeid med HVL, 30 % går til arbeid i team, 10 % av fellestida går til informasjonsutveksling og samarbeid på tvers av trinna.
- dialogmøte med tillitsvalde → 20 minutt annakvar veke ved behov.

Elevane vert involverte gjennom

- elevundersøkinga
- klasse- og elevrådsmøter
- SU/SMU
- utviklingssamtalar

Foreldre vert involverte gjennom

- Informasjon på skulen sin digitale heimeside som startar opp august 2019.
- Foreldremøte
- Utviklingssamtalar
- FAU, SU, SMU

7 Oversikt over aktivitetar på Sandnes skule som speglar kjerneverksemda vår*

MÅL	TILTAK	ANSVAR	EVALUERING
Det er eit så godt, tett og forpliktande samarbeid mellom heim og skule , at elevane opplever at dei vaksne står skulder ved skulder i arbeidet for deira faglege og sosiale utvikling.	<p>Foreldresamtalar haust (innan utgang nov) og vår (innan utgang april)</p> <p>Planlegge og gjennomføre klasseforeldremøte i innan medio sept.</p> <p>Temakveld/foreldrekveld</p> <p>Foreldra bidreg til eit godt klasse og skulemiljø</p> <p>Regelmessige møte i FAU og SU/SMU</p>	<p>Kontaktlærar</p> <p>Kontaktlærarar saman med rektor</p> <p>FAU/rektor</p> <p>Foreldra</p> <p>Rektor/leiar i FAU/SU</p>	<p>Evaluering juni</p>
Glade elevar som gler seg til å reisa på skulen, opplever meistring, kjenner seg trygge i eit positivt og inkluderande skulemiljø	Forpliktande arbeid jfr Heilskapleg Plan for Godt Læringsmiljø	<p>Elevar</p> <p>Foreldre</p> <p>Tilsette</p> <p>Alle</p>	Evaluering juni
MÅL	TILTAK	ANSVAR	EVALUERING

<p>Dyktige elevar som veit kva dei kan, veit kva dei skal læra, veit korleis dei kan læra meir, har kunnskap og kompetanse, både fagleg og sosialt, får brukt potensialet sitt og har gode læringsresultat</p>	<p>Vurdering for, av og som læring. Læringsmål. Kriterier for grad av måloppnåing. Undervegs-vurdering munnleg og skriftleg.</p> <p>Praktisk, variert og relevant undervising. Fagdagar, aldersblanding.</p> <p>Ta i bruk CANVAS som læringsplattform</p> <p>Pedagogiske drøftingar</p> <p>Samarbeid med PPT/BUP/helseavdelinga/andre samarbeidspartar</p> <p>Den Kulturelle Skulesekken</p> <p>Grendahusprosjekt 8.-10. kl</p> <p>Leirskule?</p>	<p>Faglærer</p> <p>Faglærer/team</p> <p>Alle</p> <p>Rektor/team</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Team U</p> <p>Kontaktlærer 7. kl</p>	<p>Evaluering juni</p>
<p>Spreke elevar som har god psykisk og fysisk helse, som brukar kroppen sin i leik og aktivitet åleine og saman med elevar og tilsette, og er aktive ute i naturen og i eit stimulerande utemiljø</p>	<p>Forpliktande arbeid jfr Plan for Godt Læringsmiljø</p> <p>MOT</p> <p>Læringsaktivitetar ute i høve til årstid (utedag/felles fjelltur/skidag)</p> <p>Felles Aktivitetsdag i Masfjorden 1.-4. kl</p> <p>Felles Aktivitetsdag i Masfjorden 5.-7. kl</p> <p>Felles Aktivitetsdag i Masfjorden 8.-10. kl</p> <p>Tinestafett</p>	<p>Alle</p> <p>Team/plangruppa</p> <p>Team S</p> <p>Team M</p> <p>Team U</p> <p>Gymlærarar</p> <p>Team S/Team M</p>	<p>Evaluering juni</p>

*Endringar kan forekomme grunna uføresette omstende

Kjerneverksemda til Sandnes skule - planar

